

"Referat" frå møte om:

## TALKMØLLA SI FRAMTID

Valsvik skule 2. desember kl. 19:30 – 21:30.

### Bakgrunn og mål

- *Etter 100 års talkdrift må Talkmølla finne nye eigarar.*
  - *Skal Mølla rivast eller klarar me å finna nytt bruk?*
  - *På møtet vart det lagt fram ulike forslag til framtidig bruk og drift.*
  - *Med debattmøtet ynskjer me å høyre bygdefolket si meining.*
- 

### Oppmøte

- Totalt 34 personar tilstades, inkl. grunneigar Kjell Ove Hauglum.
  - Frå Vik kommune møtte: Ottar Wiik og Marta Finden Halset (ordførar).
  - Desse var spesielt invitert men hadde ikkje høve til å møte: Tommy Halset, Sindre Hauglum (grunneigar), Vidar Lægreid, Tore Røyrvik, Arild Grønningen, Karen Weichert (Reisemål Vik).
  - Norwegian Talc (NT) var invitert, og representert ved Gunnar Lee.
- 

### 1 Velkomst – Thomas Bech

Norwegian Talc/Omøya som eig Talkummølla vil ikkje lenger eige bygningen. For Mølla i Arnafjorden er det to muligheter: Etter avtalen mellom Norwegian Talc og dei to grunneigarane skal alt fjernast og arealet skal dekkas med matjord. Alternativ 2 er at andre tek over brukar Mølla til noko anna.

### 2 Kulturminne og kulturvern – Kva er verneverdige bygningar?

#### Arlen Bidne, Fylkeskommunens kulturavdeling

Presentasjon av ulike vernekriterier; identitetsverdi, tilhøyrighet, symbolverdi, historisk kjeldeverdi, alder, autentisitet, representativitet – skjeldenhet, variasjon – homogenitet, miljøverdi, pedagogisk

### 3 Ny verksemd i Mølla – Halset Entreprenørservice

Opplagsplass for entreprenørmaskiner og ev. produksjon og tørking av flis.

### 4 Kurscenter i Mølla – Thomas Bech, skuleprosjekt frå Arkitektskulen i Aarhus

Presentasjon av diplomoppgåva der det vart lagt vekt på ulike analysemodellar, gjennomgang av anlegget sine bygningar og forslag til framtidig bruk. Hovudkonseptet er å bevare, og etter kvart tilføre funksjonar når det oppstår behov/idear. Nye funksjonar kan vere hamn, festsal, verkstad, museum, kursverksemd, atelier, overnatting, café, servering, kulturhus/samfunnshus for folk i bygda, bygdekino, kveldsskule, kontorutleige, osv. osv.

## 5 Diskusjon – ordstyrar May-Britt Starheim

1. Me må komme opp med nye idear for å gjere bygda attraktiv.
2. Har 1. sjanse, og de må tenkje dykk godt om før de let den gå i frå dykk. Er den fyrste industrielle standen i Sogn. Innan reiselivet er det attraktive og det moderne "den gode historia".
3. Fyrste mål må vere å sikre bygningen ved hjelp av ein stiftelse eller anna. Treng midlar til sikringsarbeidet. Diskusjonen om korleis bruke den kan komme etterpå.
4. Nye idear og litt skumle prosjekt er spanande. Bra om bygget og plassen vert brukt. Det verste er at det berre står og fell saman.
5. Kommunen er ikkje i ein slik økonomisk situasjon at den kan ta del i slike prosjekt, men flott initiativ og masse spanande idear! Vil me noko må me vera litt dristige.
6. Må løfte den eine foten og ta sjansen på litt ubalanse om ein skal kome seg framover.
7. Det fyl økonomiske forpliktingar med å ta over Mølla, og det er naturleg med skepsis.
8. Det finst pengar i systemet, men kva tråd skal ein dra i fyrst?
9. Det står så mykje rot rundt Mølla. Oppmodar til å rydde opp. Der ser felt ut.
10. Ventar ein på eit tilbod eller kan ein gje eit tilbod?
11. Må ta omsyn til det ansvaret ein tek over.
12. Prøveboring pågår no for å finne ut om grunnen er forureina.
13. Får kanskje kr med på kjøpet, men då heng ein også på alt det juridiske.
14. Er eit bygg som har lyfta heile Vik kommune. Eg er for ein stiftelse.
15. Alt, verktøy, kart utstyr ligg der ute – vel bevart!
16. Men kan verte vanskeleg med overnatting pga rasfare. Geologisk vurdering gjev byggestopp, reglane skil i vertfall mellom dagbruk og sovande menneskjer.
17. Dei må ha løyve til å rive – mange ting med i biletet.

**Knut Aaland:** Stiftelse, foreining, ideell organisasjon, enkeltmannsføretak eller AS er ikkje så viktig. Kravet til å søkje midlar er eit organisasjonsnummer slik at ein veit kvar pengane går til.

Debatten går allereie i ein positiv retning! Kultur + minner + menneskjer! Kva har de og kva kan de miste? Ser ofte ikkje verdiane som ligg så nær! Til dømes var det demonstrasjonstog for å rive alt det gamle på Bergen brygge! Det ligg mykje kompetanse og kunnskap her hjå dykk. Tenk at 99 % av det som vart produsert gjekk til eksport! Ein internasjonal handel med internasjonale kontaktar! Og ein viktig del av kulturarven!

Kva treng de? Ein ny potetåker? Trur de har potetåker så det rekker. Har kaianlegget, smia, verkstaden, administrasjonshuset og mølla. Ja, det er blekk, men det rotnar ikkje! Kom med idear, få til ein bruk! Som sagt: den med begge beina på jorda bevegar seg ikkje! De kjenner kvarandre, veit kvar ressursane er! Bygdeutviklingsprogrammet hjå FM! Pengar! Bygg stein for stein. Bygg etter dei pengane de har. Har ein gode nok idear kjem pengane! Tankane er mest verdt!

Eid kommune: nedlegging av skipsverftet, slakteriet mm. Kommunen har alltid vore villig til å hjelpe til, velviljen har spreidd seg ut i samfunnet: Malakoff-festival, hesteutstilling, opera etc. Fører til at handelen aukar og tilflyttinga har auka. Lurt å satse på kultur, særleg i utkantane.

Fylkeskommunen har lite midlar. Mølla har i vertfall regional verdi. Pga eksporten har den også tilknytning ut over det. Einaste anlegget i Noreg. Talkum ein lokal ressurs. Samanheng mellom førekomstane – gruva – fabrikk.

Same kva Riksantikvaren seier om verneverdiane, det er verdien Mølla har for dykk som er viktig – den verdien de set på ho som tel! Må ha med folk som vil prøve litt meir. Men "det-går-ikkje-folka" trengs og. Jf. desse fanst ikkje i Måløy når Tallshipsraces vart arrangert! Prosjekt må vere i balanse.

**Arlen Bidne:** 1- bestem kva de ynskjer, 2 - set saman ei gruppe som forhandlar med eigar, 3 - når de eig bygget, søk midlar. Identitet-verdiar, Mølla er ein del av dykkar historie. Ubevist eller bevist. Det er deira historie. Og Sogn og Fjordane er eit industrifylke – del av fylket sin identitet.

18. Me er mang "Ludvigar" her i Fjorden. Me treng nokre "Solan Gundersenar".

19. Var på fantastisk konsert i kyrkja i Vik med Sigvart Dagsland. Tenk om me fekk han til Mølla neste gong!

20. Om alt går gale, kven tek ansvaret då?

21. Viktig at bygda står bak i lag og at ingen set privatøkonomien på spel.

22. Bør setje av ein god del pengar og ha i bakkant til ev. fjerning/opphoging om alt skulle gå gale, Grunneigarane er viktige her og dei bør få ein like god situasjon som før.

Nokon som melder seg interessert i å arbeide vidare med dette?

1. Guri Nesse Walsvik
2. Bjarne Walsvik
3. Ann Cecilie Rinde
4. Målfrid Kristin Heggenes
5. Gjertrud Gudny Heggenes
6. Svein Jarle Heggenes
7. Eirik Stadheim
8. Anne Sissel Flæte
9. Geir Otterskred
10. Kjartan Walsvik
11. Gunnar Lee

Høve til å melde seg interessert seinare, ring Thoms Bech (tlf. 90920966)

("Ref". VSB)